



Ordfører

Fiskeri- og kystdepartementet
postmottak@fk.d.dep.no

Etne, 21.03.2013

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2009001065/2013002024

Arkiv:

N-633, N-634

Sakshandsamar:

ERK

3. GANGS HØYRING OM FRAMLEGG TIL NYTT FORVALTNINGSREGIME I HARDANGERFJORDEN.

Vi syner til Dykkar høyringsbrev datert 08.02.2013.

Etne kommune har gitt uttale ved begge dei to tidlegare høyringane i saka, F-sak 078/09 og F-sak 021/11. Den nye høyringa vart diskutert i Etne Formannskap på møte 19.03.13. Ordføraren fekk fullmakt til å knytte nokre kommentarar til våre tidlegare uttalar.

I vår første uttale frå 17.11.09 uttrykte vi uro for villaksinteressene i regionen, og Etneelva var særskilt nemnt. Vi sa på same tid at akvakulturnæringa er ei viktig næring i høve til verdiskaping og matproduksjon; også for Etne kommune. Det kan her leggjast til at Etne kommune har lagt til rette for næringa frå den kom til regionen, og etter det vi kan sjå har vi alltid gjort positive vedtak i søknadar om anleggsetableringar mm. I den viktige saka om nytt landbasert setjefiskanlegg for Marin Harvest på Fjæra i Åkrafjorden arbeidde vi t.d. over fleire år saman med søkjarane og andre interesserte, før Miljøverndepartementet hausten 2012 stadfesta reguleringsplanen for tiltaket. Vi la i saka m.a. stor vekt på at setjefiskanlegget har klare miljøaspekt, m.a. knytt til produksjon av større smolt, som gir kortare produksjonstid i sjø, mindre lakselus, mindre potensiale for røming osv., noko som også gagnar villaksen.

I vår uttale frå 2009 er også sagt at det er positivt at styresmaktene aukar innsatsen på forskning om havbruk og villaks, inkl. t.d. utvikling av metodar for sporing av rømt oppdrettslaks, sikrare anlegg, auka tilsyn, forskning på lakselus, overvaking av og tiltak i vassdraga mm. Vi ser i ettertid at der har skjedd mykje innan nemnte (og andre) fagområde dei seinare åra, for å gjere næringa meir berekraftig. Vi tenker m.a. på innføring av regelverk for samordna avlusing, tekniske krav til anlegg, innlevering av botnprøvar, brakklegging, stamfiskfjoradar, auka tilsyn og betre samordning mellom dei statlege fagorgana i bransjen.

Likeeins har der vore ei positiv utvikling i høve til samarbeid mellom styremaktene, oppdrettsnæringa og villaksinteressene. For vår eigen del tenker vi særskilt på pilotprosjektet for Hardangerfjorden, der også Etne kommune og lokale villfiskinteressar har teke del. For tida er der under etablering ei fiskefelle i Etneelva, som den første i sitt slag i landet. Fella




skal nyttast for å skilje ut rømt oppdrettsfisk, inkl. følgjeforsking. Oppdrettsnæringa skal ha honnør for arbeidet som er lagt ned i pilotprosjektet og med fiskefella i Etneelva. Dei har også støtta andre tiltak økonomisk, t.d. fangst av oppdrettslaks i Etneelva og i fjordsystemet elles.

I vår uttale til 2. høyringsrunde frå 30.03.11 viste vi til vår første uttale, med to viktige tillegg; det eine om å få fram ei konsekvensutgreiing som viser verknaden av framlagt forskrift, det andre om at forskrifta må skilje mellom lukka og opne anlegg i sjø når det gjeld biomasse. Vi meiner såleis at produksjon i tette anlegg på sjø ikkje må råkast av framlagte produksjonsgrensar, men kome som eit tillegg, som insitament for næringa til å ta i bruk ny teknologi og såleis framskynde ei ønska og meir berekraftig utvikling. Vi vil i denne samanheng trekkje fram ein søknad frå Marin Harvest, om eit FOU-prosjekt i tett anlegg på sjø på Molnes i Etne kommune, der ein ønskjer å produsere presmolt på opptil 1000 gram. Søknaden fekk avslag i Fiskeridirektoratet i november 2012, grunngitt utifrå dei særskilte reglane for oppdrett i Hardangerfjorden / «frysinstruksen» frå 2008. Saka ligg no til klagevurdering i Fiskeri- og kystdepartementet. Etne kommune meiner det er feil å avslå søknader som er klart fordelaktige i høve til miljø, og som ikkje har negativ verknad på villaks og omgjevnadene i Hardangerfjordsystemet. Tvert imot har prosjektet potensiale til å kunne bidra til store miljøgevinstar for regionen, villaksen og lokalmiljøet, særskilt på litt sikt når bruk av lukka anlegg er moden for større produksjonsvolum. Dette bør premierast og støttast, slik at vi raskast mogleg kan hauste røynslar med og auke bruken av tette anlegg på sjø.

Utover det over nemnte er Etne kommune tydelege på at vi i forvaltningsspørsmål også forsvarer villaksinteressene i kommunen, særskilt knytt til Etnevassdraget som nasjonalt laksevassdrag og Etnefjorden som nasjonal laksefjord. Våre tidlegare uttalar synleggjer dette. Etneelva er blant kommunens viktigaste attraksjonar og merkevarar. Fangsresultat og forskning syner at faren ikkje er over med tanke på lakselus og rømt oppdrettslaks i og utanfor vassdraget, og at der framleis er behov for tiltak for å gjere oppdrettsnæringa meir berekraftig. På same tid må innførte tiltak evaluerast og ev. restriksjonar må kunne justerast i ettertid, dersom ei positiv utvikling gir rom for dette.

Etne kommune meiner vi frå sak til sak og i heilskap klarer å balansere omsyna til villaksinteressene og akvakulturnæringa i kommunen. Begge næringar er viktige i høve til lokal verdiskaping, arbeidsplassar og busetnad, og vi er positive til å samarbeide vidare med involverte partar for at der framleis skal vere plass til begge interessene i vår kommune.

Med helsing


Ordførar Sigve Sørheim


Rådmann Elling Hetland

—